

LINDÅS KULTURRÅD

25.09.18

Lindås kommune
Kulturetaten

5914 Isdalstø

AD. FRIST FOR SØKNAD OM KULTURMIDLAR

Lindås kulturråd vil kome med innspel når det gjeld Lindås kommune sine retningsliner for kommunal støtte (kulturmidlar) til frivillige organisasjonar.

Særskilt vil vi be om at §6 – Sakshandsaming, og det som står om fristen for søknad om kulturmidlar vert endra.

Vi vil foreslå følgjande:

1. Uttale kring rammar for kulturmidlar så snart som råd etter budsjett er lagt.
2. Søknad om driftstøtte for lag og org – søknadsfrist 15.11.
3. Fordeling av kulturmidlar – ultimo januar mnd.
4. Ein «pott» av kulturmidlane – for eksempel kr. 100.000,- / 200.000,- vert halde igjen til eventuelle prosjekt som kjem i løpet av året. Vert ikkje denne «potten» brukt fullt ut vert rest overført til påfølgjande år.
Generell hausttildeling utgår – slik at alt som har med drift og investering kun kan søkjast om ein gong, dvs. innan 15.11. – med utdeling i januar mnd.


Grunngjeving:

Slik det er i dag får lag og organisasjonar driftstøtta utbetalt seint på våren og kan ikkje planleggja med dette ved oppsett av årsbudsjettet for laget/ org.

Det som vert avsett i ein «pott» skal kun gå til særskilde enkeltprosjekt som skjer i løpet av året.

Vi ber om at denne saka kjem opp til politisk handsaming snarast slik at dette kan gjennomførast komande år.

Med venleg helsing
For Lindås kulturråd


Einar Vatne
leiar



Per Ole Ekker
sekretær